

Kjærleik i ord og tonar

Anne Elisebeth Skogen, Erlend Jordal og Alie Hamberg turnerer Ryfylke med forteljarkonserten "Hundre år gamle kjærleikshistorier". Onsdagskvelden var det tid for heimebane.

Nora Bogetvedt Jenssen

– Eg høyrdde delar av historiene fortald i barndommen, men fekk ikkje alltid svar når eg spurde etter. Resten har me funne i gamle brev, dagbøker og kyrkjebøker, fortel Skogen.

Nostalgi

– Det var juni, det var laurdag og det var pinseaftan, startar forteljaren. Historia startar med Inger, stuepike på Ledaal, landsturnstemne i by'n og staute unge karar i turntroppen til Odd. Skogen fortel levande og tar oss med til Egersund med Inger og barnet Astrid, vev inn ei ulukkeleg kjærleikshistorie frå sørlegare strok om Pablo og Rosita, via skipsforlis, avlyst bryllaup, tilbake

til si eiga eksamenstid på syttitalet. – Astrid, bestemora mi, fekk aldri treffa faren sin, turnaren frå Odd, endar ho historia med.

Musikalsk følgje

Romantisk fløyte- og pianomusikk rammar inn og bind historiene saman. – Eg har brukt desse historiene lenge, men det musikalske tonefølgjet har endra seg med tida. Historiene tek folk, det er så fascinerande og gjer at eg ikkje blir lei. Publikum, både gamle og ungdommar, kjem med tilbakemeldingar om eigne gode historier, seier Skogen, som har opptrødd på gamleheimar og ungdomsskular i kulturhaustkommunane i Ryfylke.

Etter pause med kaffi, kake og god drøs fekk me neste historie. Der nøsta ho faren sin oppvekst, som ein av 20 søskjen, tilbake til farmora, ennå ei Inger, og hennar lagnad som tenestejente, syerske og travel husmor på slutten av 1800-talet. Lillesalen i kulturhuset fungerer godt til intime framsyningar som denne. Akustikken er bra og det var berre synd at suldølen ikkje kjende si vitjingstid. Berre 18 heldige kunne reisa heim rike på historier frå ei svunnen tid.



Anne Elisebeth Skogen fortel levande om kjærleik hundre år tilbake i tid.